

# SKJERVET

## NATURVANDRING



Nasjonale turistveger  
National Tourist Routes in Norway

## SKJERVSFOSSEN NATURVANDRING

Naturvandringa er eit nettverk av stiar, trapper, utsiktspunkt og kvileplassar omkring Skjervsfossen. Fossen fell 135 meter i to terrassar, delt av gamle riksveg 13. Naturvandringa omfattar den øvre delen av fossen. Opplevinga av fossen varierer, både ut frå kolehagde, vassmengd og årstid. Når du vandrar gjennom området får du oppleve mangfaldet samt interessant lokal historie.

På øvre nivå ved rasteplassen **Kanten**, går du langs elva og opplever utsikten utover dallandskapet. På **Hylla** stryk elva over kanten og på **Nedre hylla** opplever du fossen midtvegs i fossefallet. Den bratte **Trappa**, som er bygd for hand av sherpaer frå Nepal, ligg godt i del bratte terrenget. Det mest spektakulære er foten av fossen, **Dusjen**, eit vakkert landskapsrom der du merkar dei enorme kreftene buidre i kroppen. Her kan du etter sterk nedbør oppleve å bli gjennomdušjal!

Det er tre typar stiar i området; Lette gangvegar med godt dekke som er tilgjengeleg for alle, varierte stiar og trapper, og ei svært bratt og lang trapp. **Trappa** er utfordrande å gå i. Den er bratt og du bør ikkje ta fatt på denne om du er i dårleg form. Skjervsfossen er eit naturområde der du ferdast på eige ansvar. Følg dei tilrettelagde stiane, då det kan vera farleg å gå utanfor desse.

### SKJERVSFOSSEN NATURE WALK

The nature walk is a network of trails, steps, viewpoints and rest areas around Skjervsfossen. The waterfall drops 135 metres in two sections, divided by the old national road 13. The nature walk comprises the upper part of the waterfall. The experience of the waterfall will differ depending on grade elevation, quantity of water and season. Walking through the area, you will enjoy the diversity and the interesting local history.

At **Kanten** (the Edge), the highest level located by the rest area, you walk along the river and experience the magnificent view over the valley landscape. At **Hylla** (the Shelf), the river flows across the edge, and at **Nedre hylla** (the Lower Shelf), you experience the water midway down the waterfall. The steep **Trappa** (Step), which is made by hand by Nepalese Sherpas, nestles in the steep terrain. Most spectacular is the foot of the waterfall, **Dusjen** (the Shower); a beautiful landscape area in which you feel the immense power of the waterfall surging through your body. You may get soaking wet if there has been heavy rainfall!

There are three types of walks in the area; easy walks with good turf available to all, moderate walks and stairs, and a very steep and long flight of stairs. The **Trappa** is challenging, and you should not embark on it if you are unfit. Skjervsfossen is a nature area in which you move around at your own risk. Follow the marked trails, as it could be dangerous to wander off them.





Nasjonale turistveger  
National Tourist Routes in Norway

## SAMFERDSEL I SKJERVET

Frå gammalt av gjekk det fleire kleiver, stiar og far gjennom Skjervet som var ei viktig rute for varetransport og handel mellom Hardanger og Vossebygdene. Alt på 1300-talet finn vi omtale av det første vegarbeidet i Skjervet med å få på plass ein brukande ride- eller kløvjevog. Men farande veg vart det først på 1700-talet. Kvelvingsbrua i Skjervet stod ferdig i 1785 og kosta då «349 riksdalar og 38 skilling».

I 1820 kom dei første turistane med båtskysst frå Eide til Øvre Vassenden og fekk hesteskysst vidare opp Skjervet. Vegen langs Granvinsvatnet vart bygd i 1870 og då vart også vegen i Skjervet omlagd. I ein kort periode frå 1890 til 1896 var det hotell-drift i Skjervet nedanfor vegbrua, og seinare kafe på den same tomte. I 1914 låg dei føre planar om å byggja ut Skjervsfossen, men saka vart røvsta ned i Granvin heradsstyre.

Hardangerbana mellom Voss og Granvin vart opna i 1935. I Skjervet er det på grunn av rasfare to generasjonar med gamle jernbanetunnelar. Bana vart nedlagt i 1989. Etter at biltrafikken tok seg opp er køyrevegen i Skjervet utbedra i fleire omgangar, til denne vart avløyst av Tunsberg tunnelen på riksveg 13 i 2011.

### TRANSPORT AT SKJERVET

From of old, several rocky ascents, paths and gullies went through Skjervet, which was an important route for goods transport and trade between Hardanger and the villages of Voss. As early as in the 1300s, we find mention of the first road construction at Skjervet: to construct a usable bridle path or pack road. However, a passable road was not in place until the 1700s. The vaulted bridge at Skjervet was completed in 1785, and its cost at the time was "349 rix-dollars and 38 shillings".

In 1820, the first tourists to arrive by boat came from Eide to Øvre Vassenden, from where they were transported by horse to Skjervet. The road along Granvinsvatnet was built in 1870, at which time also the road at Skjervet was altered. For a short period, from 1890 to 1896, there was a hotel at Skjervet, located below the bridge. Later, there was a café at the same site. In 1914, there were plans to develop Skjervsfossen, but the plans were outvoted by the Granvin county council.

The Hardanger Line between Voss and Granvin opened in 1935. Due to the risk of falling rocks, there are two generations of old railway tunnels at Skjervet. The line was closed in 1989. Following the increase in motor traffic, the road at Skjervet has been renovated several times, until it was replaced by the Tunsberg tunnel along national road 13 in 2011.



Foto cirka 1890: Knud Knudsen/UBB



Foto cirka 1865: Knud Knudsen/UBB



Foto 1933: Anders B. Wilse/Norsk Folkemuseum



Nasjonale turistveger  
National Tourist Routes in Norway

# KRIGSHANDLINGAR I SKJERVET 1940

Ved det tyske angrepet på Norge i april dagane i 1940 var det harde kampar i Skjervet. Dei første norske soldatane kom hit alt om kvelden den 9. april. Skjervet skulle haldast for ein kvar pris, og dei byrja straks å byggja ut stillingar. Den 13. april vart brua midt nede i Skjervet sprengt av norske soldatar.

Tidleg den 25. april klappa fullasta tyske skip til kai i Granvin. Tyskarane rykte fram mot Skjervet og i åttetida smalt dei første skota på Spildo. Utover dagen oppstod det heftige kampar med fleire drepne og såra. Dei tyske soldatane prøvde først å ta seg opp Skjervet langs vegen og jernbanelina. Der leid dei store tap og hadde minst 11 falne fordi nordmennene låg i gode stillingar. Utpå ettermiddagen mista fire norske soldatar livet på oppklaringspatrulje frå den nedste jernbanetunnelen.

Tyskarane sette inn et flankeangrep opp til Skår. Der møtte dei tomme stillingar fordi dei norske soldatane hadde trekt seg tilbake. På Brekke overrumpla dei nordmennene og hadde i 20.30-tida kontroll over området. Dei rykte vidare og Voss fall etter intense tyske bombeangrep. Den stillinga du ser her og som er restaurert, er truleg eit tysk anlegg frå ein seinare periode under den tyske okkupasjonen av Norge.

## ACTS OF WAR AT SKJERVET 1940

There were fierce battles at Skjervet during the German attack on Norway in April 1940. The first Norwegian soldiers arrived in the evening of 9 April. Skjervet was to remain open at any cost, and the soldiers immediately started to take up defensive positions. On 13 April, Norwegian soldiers blew up the bridge located in the middle of Skjervet.

Early the 25 April, German fully loaded ships arrived at Granvin. The Germans advanced towards Skjervet, and at around eight, the first shots were fired at Spildo. Throughout the day, there were fierce battles, and several were killed and wounded. The German soldiers tried to climb Skjervet along the road and railway; there however, they suffered heavily and lost at least eleven soldiers. The Norwegian soldiers had taken up good positions. In the afternoon, four Norwegians lost their lives when on a reconnaissance patrol from the lowest railway tunnel.

The Germans launched a flank attack at Skår. There, all they found were abandoned positions, because the Norwegians had retreated. At Brekke, they surprised the Norwegians, and at around 8.30 p.m., and gained control of the area. They advanced further, and Voss fell after intensive German bombing raids. The position you see here, which has now been restored, is probably a German position from a later period of the German occupation of Norway.



Skjervsfossen. Tyske soldater / German soldiers  
Foto: Ukjent tysk soldat / Unknown German soldier / Samson Bjørke





Nasjonale turistveger  
National Tourist Routes in Norway

## DEN GAMLE SAGA I SKJERVSFOSSEN

Her ser du murrestane etter den gamle saga. Den tilhørde garden på Moo, som etter vestlandske tilhøve hadde mykje skog. Staden der saga låg var lite tilgjengeleg, men måtte sjølsagt byggjast der vasskrafta var å finna. Vatnet som dreiv vasshjulet kom etter ei lang renne frå fossen. Det var i vårflaumen det vart skore på saga. Ein slipestein altmed vart og driven av vasshjul.

Tømmerstokkane vart sende ned frå køyrevegen over, og den skorne materialen måtte berast oppatt. Berre i ekstra turrver var det råd å koma fram med hest. Dei store mengdane vart det knapt. Alderen på saga kjenner vi ikkje, men alt tyder på at ho er gammal. Saga var i drift fram til 1940/41.

I 1939 var straumforsyninga i Granvin eit faktum, og ny sag vart bygd på ein lettare tilgjengeleg stad. Etter siste krig kom skogreisninga i gang og mangt har vorte annleis. Det er ei lang utviklingsline frå den gamle vass-saga til det nåverande sagbruket Moelven Granvin Bruk og "Trebygda Granvin".

### THE OLD SAWMILL AT SKJERVSFOSSEN


Here you can see the stone wall remain of the old sawmill at Skjervsfossen. The sawmill was the property of the farm at Moo, which by western Norwegian standards had a lot of forest. The sawmill was located in a place not easily accessible; but it obviously had to be built where the water power was available. The water that fed the water wheel came from the waterfall through a long trench. The sawmill was used during the spring flood. A grindstone next to the sawmill was also fed by water wheel.

The timber was sent down from the road above the sawmill, and the logs had to be carried back up. The site was only accessible by horse in dry weather. The quantities of timber were probably not very large. We do not know the age of the sawmill, but there is every indication that it is old. The sawmill was in operation until 1940/41.

In 1939, electrical power came to Granvin, and a new sawmill was built at a more easily accessible location. After the last war, the reforestation began, and a lot of things have since changed. There is a long line of development from the old water-powered sawmills, like the one at Skjervsfossen, to the current sawmill Moelven Granvin Bruk and "Trebygda Granvin".



Saga / Sawmill



Kvernhus / Mill house

Kvernhus / Mill house

Foto zirká 1865: Knud Knudsen/UBB